

Kor nøytralt er det å berre nytte bokmål i kommunen? Det er på tide å setje dei nøytrale kommunane på prøve.

Les Ole Petter Pedersen på kommentar plass s. 2

NR 6 • 2012 • ÅRGANG 11 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Læreplan til høyring

Læreplanen i norsk er no sendt ut til høyring. Reaksjonane er mange.

s. 10 - 11

Kampanjespråk

Lite kampanjemateriell i skulane er på nynorsk

s. 8 - 9

Støttar språkserie

Framtida.no har fått 50 000 kroner i støtte frå Fritt Ord. Pengane skal gå til ein serie om den politiske dimensjonen i språket.

s. 16 - 17

Stafettpinnen



(Foto: Utdanningsforbundet)

Ragnhild Lied er ny leiar i Utdanningsforbundet. Ho meiner det er viktig å møte elevane der dei er, også i språkundervisninga.

• Sjå s.12 - 13

Årets nynorskkommune



(Foto: KRDR)

Sogn og Fjordane er Årets nynorskkommune 2012. No satsar dei på eit eige nynorsk forum.

• Sjå s. 3



Foto: Statsministerens kontor

Lys i endane

Opninga av Jondalstunnelen er berre eitt av mange samferdsletiltak ordførar Synnøve Solbakken i Kvinnherad ønskjer velkomne for å korte ned reisetida mot aust og vest og for å

gjere kommunen meir attraktiv for folk som vil kome for å bu og arbeide.

Side 18



Hotell
Dag Bondeheim

HOTELL OG TRADISJONSMAT MIDT I SKIEN SENTRUM
OVERNATTING • SELSKAP OG FEIRINGAR • MØTER
Prinsesseg 7 • 3724 Skien • tlf 35 52 00 30 • hotel@dagbondeheim.no

Kjem du frå ein LNK-kommune
er prisen kr 795 per natt
www.dagbondeheim.no

Treng medvitne skular

Norske klasserom ber preg av kampanjemateriell i mengder. Ei stund skal ein lære om kroppen, andre gonger om eit anna land. I alle desse kampanjane er det mengder med materiell, både plakatar, brosjyrar og digitale nettportalar.

Men kvifor er så godt som ingenting av dette på nynorsk?

I opplæringslova er det strenge kriterium for når materiellet blir omfatta av kravet om parallellutgåver. I LNK-avisa i dag går både Utdanningsdirektoratet og Språkrådet ut og slår fast at det er skuleeigar sitt ansvar dersom ein er i tvil om materiellet fell innanfor eller utanfor kravet om parallellutgåver. Skal leverandørane av desse kampanjane byrje å tilby dei på nynorsk, må truleg mottakarane setje tydelegare krav til kva målform det er greitt å få ressursane på, enn dei gjer i dag.

Ein kan lett forstå at det er freistande å ta i mot ein fargerik og informasjonsrik kampanjeplakat til å ha på veggen i klasserommet, sjølv om han berre ligg føre på bokmål. Men dersom elevane stadig ser på plakatar med ord som **kjærlighet, hjerte** og **spiser**, ja då aukar truleg sjansen for at elevane trur det er slik dei skal skrive orda. Med andre ord må ein setje krav for i neste omgang å få det ein har krav på.

Opplæringslova **treng** ein sminkerunde. Ho må både strammast opp og gjerast tydelegare. Slik blir jobben til dei som skal sjå etter at materiellet kjem til rett tid og på rett språk, enklare. Men det krev òg medvitne skular og lærarar der ute.

Tid for å utfordre dei «nøytrale»



Ole Petter Pedersen
Utviklingsredaktør Kommunal Rapport

KRONIKK

Kor nøytralt er det å berre nytte bokmål i kommunen? Det er på tide å setje dei nøytrale kommunane på prøve.

Noko av det som eg synest er mest interessant med offentleg forvaltning, er at dei som arbeider der, skal gjere ein jobb for oss alle. Målet er ikkje høgast mogleg profit, men best mogleg offentleg sektor. Pengane vi alle betalar inn, skal nyttast så effektivt som mogleg.

Ein flik av dette arbeidet er språk. Det er viktigare at ungene som treng hjelp frå barnevernet, får det raskt og godt. Men språk – og målform – er samstundes både eit middel til å vere i kontakt med innbyggjarane og eit uttrykk for lokal kultur. Om du flyttar frå Lodalen til Lom for å arbeide i kommunen, kan du faktisk ikkje tru at du kan gjere det utan å ta omsyn til språket i Lom.

Men diverre er det nettopp det som skjer over heile landet. Av alle dei såkalla «nøytrale» språkkommunane, kor mange er egentleg verkeleg nøytrale? Knapt ein einaste. For når ein kommune er «nøytral», er det akkurat det same som å seie at «Her nyttar vi bokmål, nynorsk vil vi helst sleppe å tale om.»

Eg undersøkte sjølv tilhøva i Sunddal eit av dei åra eg var i lokalavisa Driva. Ikkje noko gale sagt om Sunddal kommune; dei er berre eit døme på korleis det står til. Eg fann eitt sakspapir til kommunestyret som var skriva på nynorsk. Ikkje for kvart møte, men for heile året. Då er ikkje kommunen nøytral.

Ei utfordring er at mange «nøytrale» kommunar tolkar det å vere nøytral som det same som å vere passiv. Men bør ein ikkje sjå nøytral som det same som å gje begge målformar like tilhøve? Å vere medvitslaus kan jo ikkje vere noko å trakte etter.

Men det er slik dei nøytrale kommunane står fram. Det er betre å seie rett ut at «Nei, her skal vi halde tradisjonane tilbake til dansketida i hevd og nytte bokmål.» Okei, kan hende dei ikkje seier det heilt slik, men det kan synast som om mange nøytrale kommunar berre er nøytrale av di dei ikkje vil innrømme at dei nyttar nynorsk. Dei skjemast.

Nå kan vi seie at det ikkje er så rart at dei skjemast, men betre vil det vere å gje dei ei utfordring: Finn eit høve der kommunen aktivt kan nytte nynorsk, på same måte som han aktivt nyttar bokmål kvar einaste dag. Det kan vere ei språktevling i skulen, tilbod om språkkurs for dei på rådhuset som like gjerne kunne ha skriva nynorsk som bokmål, eller noko anna.

Språkstriden er som regel altfor humørlaus. Eg trur det er utruleg viktig å gjere noko med språket som er kjekt. Å skriva nynorsk skal til dømes ikkje vere ei plikt, men ei glede og noko som er heilt naturleg for dei store delane av landet der nynorsk er den heilt naturlege skriftforma.

Sjølv sagt er det utruleg sterke krefter i sving på vegner av bokmålet. Folk flyttar til sentrale stork. I klemz- og lizzm-språket er det ikkje Ivar Aasen som er i medvind.

Men samstundes er Odd Nordstoga ein av dei mest populære låtskrivarane i nyare tid. Hellbillies sel framleis plater i stort monn. Nynorsken er levande. Det er håp. Men dei som berre driv med straumen av bokmålskrivarar som ein medvitslaus lakei, dei må få opp auga.

Det ligg utruleg stor kraft i å få ei offentleg verksemd med på laget for å auke bruken av nynorsk i nøytrale kommunar. Det beste av alt; dei er jo nøytrale, så dei kan jo ikkje seie nei, heller – for det ville jo vere å favorisere bokmålet. Ved å ta nynorsken i bruk vil dei gjere ein jobb for heile samfunnet, til beste for oss alle. Kan hende kan vi faktisk vekke til live nynorsken i nokre av dei såkalla nøytrale kommunane. Det er lov å håpe, og det er lov å prøve.

Ei utfordring er at mange «nøytrale» kommunar tolkar det å vere nøytral som det same som å vere passiv.



VINNAR: Statsråd Liv Signe Navarsete deler ut prisen til fylkesordførar Åsbild Kjelsnes i Sogn og Fjordane. (Foto: KR/D)

Fylkeskommune vann for første gong

Sogn og Fjordane fylkeskommune er Årets nynorsk kommune 2012.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan
JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
juthith@norsk-plan.no

– Eg gratulerer Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dei har hatt høge ambisjonar for det nynorske språket, og dei har løfta nynorsken opp på eit politisk nivå. Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjort ein god jobb over tid, seier prisutdelar, kommunal og regionalminister Liv Signe Navarsete (Sp) til LNK-avisa. Ho peiker spesielt på korleis dei har sett seg konkrete mål som er blitt nedfelte i planverket gjennom politiske vedtak.

Dei har jobba systematisk for å få nynorsken planmessig inn i all kommunal verksemd, seier Navarsete, som poengterer kor viktig det er å ha nettopp den systematiske tilnærminga til målarbeidet.

STOLT FYLKESORDFØRAR

Fylkesordførar Åsbild Kjelsnes i Sogn og Fjordane er stolt av prisen Årets nynorsk kommune og meiner han er til inspirasjon i det vidare arbeidet.

– Dette betyr at arbeidet vårt vert verdsett. Det er ein pris eg er kry over at fylket vårt har fått. Prisen er ei stor inspirasjonskjelde for alle som er opptekne av det flotte nynorske språket, og som vil det skal ha ei levande og rik framtid, seier ho i ei pressemelding.

Kjelsnes er oppteken av at Sogn og Fjordane har ei spesiell rolle som

nynorskfylke. Rapporten «Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012» viser at nynorsken står sterkt, og at nynorskbruken er stabil i Sogn og Fjordane.

– Vi har ei spesiell rolle som nynorsk-område, og det forpliktar. Vi ser klare tendensar til ei utvikling som må motast med tiltak om vi vil at nynorsken skal ha ei like sterk rolle her i framtida. Fylkesrådmannen vil blant anna lage ein eigen språkbruksplan for fylkeskommunen for at vi skal vere bevisste på rolla vår, fortel ho.

SKAL FINNE NYNORSK-PROSJEKT

Fylkeskommunen skal no bestemme seg for kva prismsidlane skal brukast til.

– Eg har iallfall sagt at dei ikkje skal inn i den grå massen, me skal bruke dei på noko me ikkje kunne ha gjort utan denne prisen, seier fylkesordføraren, som nemner nynorsk opera, nynorskstipend og 250-årsjubileet til fylket som moglege prosjekt å bruke midlar på.

Åsbild Kjelsnes har utfordra Opera Nordfjord til å lage fleire nynorskoppsettjningar, noko dei har gjort for med stort hell.

Ho meiner ein språkbruksplan vil gje fylkeskommunen betre språklege retningslinjer.

– I utgangspunktet har me nok gode rutinar i forhold til mange andre, men me får også nye tilsette i fylkeskommunen som ikkje er så vane med nynorsk. Det handlar om å vere medvitne om at nynorsk er språket vårt.

Ho meiner fylkeskommunen er i ei særstilling når det gjeld nynorskbruk blant innbyggjarane.

– Nynorsken held seg veldig stabil her, noko som er trygt og godt for borna, som

nesten får språket inn med morsmjølka. Det har vore få diskusjonar om å etablere bokmålsklassar, og me har òg hatt døme på bokmålsklassar som er blitt lagde ned att.

Ho trur det kan vere mange grunnar til at nynorsken står så sterkt, men åttvarar mot å la dette vere ei sovepute.

– Me må òg vere villige til å ta diskusjonen rundt kva som er god nynorsk, for det er det mange meiningar om, seier ho. Fylkeskommunen er også blitt papirlaus på politisk nivå, og Kjelsnes ser kva språklege utfordringar det gjev.

– Me brukar Microsoft-programmet OneNote, men det viser seg jo at me ikkje kan bruke nynorsk på alt me legg ut, sidan det tekniske programmet bak ikkje forstår språket. Dette er noko som har stor betydning for oss, og som det er kostnadskreivjande å utvikle.

FYRTÅRN

Navarsete seier ho er stolt og glad for ein prisvinnar som ønskjer å løfte nynorsken opp på eit nasjonalt nivå, og ho understrekar kva for viktig rolle kommunane spelar for å halde nynorsken levande.

– Det er derfor vi har denne prisen. Nynorsken er ein viktig del av kulturarven vår. Med prisen Årets nynorsk kommune får vi høve til å løfte fram kommunane som gode rollemodellar og fyrårn som kan gå føre som døme på korleis dette arbeidet kan gjerast.

Det er første gongen prisen blir delt ut til ein fylkeskommune, og juryen meiner at Sogn og Fjordane fylkeskommune klart skill seg ut blant andre gode søkjarar dette året.

Juryen trekker mellom anna fram rapporten Språkfakta Sogn og Fjordane

1646–2012 som fylkeskommunen fekk utarbeidd i år. Rapporten skal gje eit grunnlag for språkpolitisk satsing. Dette har allereie ført til at det er etablert eit nynorsk forum. Forumet skal skape debatt kring nynorsk både i Sogn og Fjordane og ut over fylkesgrensa. Dette blir heva fram som gode døme på korleis fylkeskommunen jobbar strategisk og har eit overordna mål med det nynorske språket.

Andre søkjarar i år var kommunane Vinje, Eid, Granvin, Kvinnherad, Gloppen og Radøy kommune.

NYNORSK I OMDØMMEARBEIDET

Prisen Årets nynorsk kommune vart innført for fire år sidan. Han er på 100 000 kroner, og kommunane må sjølve søke om å få bli Årets nynorsk kommune. For å vere med må kommunen aktivt bruke og synleggjere nynorsk i kommunale planar og i omdøme- og informasjonsarbeid som heimesider og skriftleg informasjonsmaterieill til innbyggjarane. Kommunen bør vidare fremje god målbruk blant dei tilsette, marknadsføre nynorsk i kulturarbeid og kulturarrangement og ha ein tidleg nynorskinnsetts i barnehagar og barneskule. Kriteria er utarbeidd av Kommunal- og regionaldepartementet saman med LNK.

Tidlegare vinnarar er Fjell kommune i Hordaland (2011), Seljord kommune i Telemark (2010) og Stord kommune i Hordaland (2009). I juryen dette året sat Sigrid Tvittekjå (Språkrådet), Rune Hetland (Landslaget for lokalaviser), Vidar Høviskeland (Landssamanslutninga av nynorsk kommunar), Gunn Berit Gjerde (Fylkestinget Møre og Romsdal), Eli Johanne Lundemo (Kommunal- og regionaldepartementet).

SITATET:

–Så Evita på @detnorsketeatre igår. Fantastisk fin forestilling! Tør å påstå at det høres bedre på nynorsk enn engelsk.

Maria Ameli på Twitter

Tospråkleg?

Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK



HØVISKE ORD

I sommar spurde Språkrådet om lag 3300 statstilsette korleis det står til med språkbeidet i staten. Svare som kom, er interessante og høveleg schizofrene, men ikkje spesielt overraskande:

Så godt som alle dei spurde meinte det er viktig at staten arbeider med å gjera språket til dei tilsette betre. Samstundes meinte ni av ti at dei sjølve har god nok kompetanse i rettskriving, medan 62 % svarte at dei ikkje har god nok kunnskap i begge målformer.

Alle som svarte, meinte det er viktig at mottakaren skjønner innhaldet i det som vert skrivne – samstundes som berre ein tredel av dei meinte det er viktig å kunna både nynorsk og bokmål. Til samanlikning meinte 60 % av dei som svarte, at det viktig å bli fort ferdig.

Tendensen er altså at dei som har svart, meiner at statstilsette har eit altfor dårleg språk, men at dette ikkje gjeld dei sjølve. Samstundes vedgår dei at dei berre kan ei av målformene våre ...

Statistikken vart lagd fram på Språkdagen 2012. På den same konferansen presenterte Språkrådet også ei undersøking om kva tospråkssituasjonen i Noreg har å seia for korleis me lærer språk. Professor Mila Vulchanova frå NTNU i Trondheim kunne dokumentera at folk som skriv nynorsk ofte, er raskare til å kjenna att ord frå både nynorsk og bokmål – i tillegg til at svare

deira vert meir presise og korrekte. Nynorskbrukarar har altså ein fordel framfor bokmålsbrukarar – dei vert reelt tospråklege og rett og slett betre i norsk. Vulchanova oppmoda skulane til å utnytta det fleirspråklege potensialet på ein betre måte enn i dag ved å auka motivasjonen blant elevane og få dei til å tenkja gjennom den språklege bakgrunnen sin.

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen bør ta lærdom av dette når ho til våren skal presentera innhaldet i det nye nynorskfaget. Der bør det vera eit mål å gjera **alle** norske elevane reelt tospråklege – og såleis betre i norsk. Det gjer ein neppe ved å redusera kompetansekrav og fjerna karakterar.

Både undersøkinga om språket i staten og forskingsprosjektet i Trondheim tydeleggjer kor viktig det er at staten no følgjer opp sin eigen vedtekte språkpolitikk. I Stortingsmeldinga **Mål og mening** heiter det mellom anna at norsk språkpolitikk skal gjerast heilskapleg og sektorovergripande. Eitt av tiltaka i meldinga er å gjera Kulturdepartementet, med sitt fagorgan Språkrådet i spissen, til eit slags sektorovergripande «superdepartement» i språkpolitiske spørsmål. Dette ser me fram til.

Tendensen er altså at dei som har svart, meiner at statstilsette har eit altfor dårleg språk, men at dette ikkje gjeld dei sjølve.

Satsar digitalt

Kulturavisa Pirion blir frå første nummeret i 2013 berre å finne som digital utgåve. Målet med overgangen er å nå enda fleire lesarar og å få spelerom til å auke produksjonen av gode saker retta mot pedagogisk personell i barnehagar og småskular. Les meir om kulturavisa på Pirion.no

Møter elevane

Hamar dialekt- og mållag vil møte ungdomsskuleelevane for å høyre kva dei meiner om språk og nynorsk. Leiar i laget, Jens Haugan, meiner det er viktig å snakke saman for å endre haldningar mange har til nynorskfaget.

– Eg stilte meg lagleg til for hogg for alle tiandeklassingane på Ener ungdomsskule. Dei kunne spørje om alt dei ville, og dei hadde sjølvsagt bestemt seg for å «ta meg», nynorskmannen. Men det blei ein heilt annan tone etter kvart, seier han.

Hamar dialekt- og mållag arbeider i eit område som ikkje kan reknast som eit kjerneområde for nynorsken. Likevel markerer laget seg i avisspaltene i lokalavisa og satsar på arrangement som nynorsk kafé og fleire språkarrangement som skal setje Språket 2013 på agendaen.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

LNK
KORTET
2011-2013

Best Western
HOTELL HORDANEHEIMEN

Bonde
vennen

Best Western
HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

– Må leite fram orda

@NRKbok tok utfordringa om å tvitre på nynorsk i halve november. Me har testa nynorskspulsen i redaksjonen.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det var forfatter Brynjulf Jung Tjønn som oppfordra kulturredaksjonen til nynorsk tvitring, sidan NRK har krav om å ha 25 prosent nynorsk. Den utfordringa tok dei på strak arm og lova nynorsk tvitring ut november. Som starten på prosjektet blei redaksjonen intervjuet på twitter – både om og på nynorsk.

@LNKno: Marro med nynorsk stunt – kvifor vil de kvitre nynorsk i heile november?

@NRKbok: Fordi vi vil teste korleis ein bokmålsdrevne redaksjon kan svare for seg på nynorsk, jamfør NRK-kvota.

@LNKno: Kvifor har de ikkje gjort dette før, så lenge det er krav til 25 prosent nynorsk?

@NRKbok: Vi har rett og slett ikkje tenkt at NRK-kvota for nynorsk skulle gjelde på Twitter, meiner dykk det?

@LNKno: Kva blir det vanskelegaste med å berre bruke nynorsk trur de?

@NRKbok: Kor vanskeleg kan det vere? Må bli å finne rette ord.



UTFORDRA NRK: Forfatter Brynjulf Jung Tjønn, bar utfordra kulturredaksjonen i NRK til å tvitre på nynorsk. (Foto: Samlaget)

@LNKno: Ser at stundet får respons her inne. Er språk eit heitt tema i redaksjonen også?

@NRKbok: Språk er på agendaen samstundes med alt vi gjer. Men nynorsk er ei utfordring, orda må leitas fram

@LNKno: Blir spanande å fylgje med utover i månaden. Kva håpar de kjem ut av stundet?

@NRKbok: Medvit om eit større norsk språk. Vi kan kome attende med røynslene.

@LNKno: Og kor rart var det å bli intervjuet på nynorsk, og om nynorsk?

Språkval 2013



(Foto: Signe Christine Urdal)

Me utfordrar partileiarane på Stortinget på kva dei meiner blir den viktigaste språksaka fram mot stortingsvalet 2013. I dag: Knut Arild Hareide (KrF).

Knut Arild Hareide vil fornye undervisninga for å få fleire positive haldningar til sidemålet.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Kva blir den viktigaste språksaka fram mot Stortingsvalet 2013?

– Det er å styrke skulen slik at alle har grunnleggande lese- og skrivekunnskapar når dei går ut av grunnskulen.

– Kva blir den viktigaste nynorsksaka?

– Å fornye undervisning og prøveformer for å medverke til ei meir positiv haldning til sidemål i heile landet.

– Kva tenkjer du om framtida til sidemålet og sidemålkarakteren?

– Det er avgjerande at vi klarer å skape gode haldningar til nynorsk for å sikre forståing for to jamstilte målformer og sidemålsundervisning.

– Kva tenkjer du om målløva? Bør ho bestå?

– Hovudtrekka bør bestå, men vi er opne for å vurdere om dei enskildte føresegnene i lova kan ivaretaast i andre lover. For KrF er det resultatet som er viktigast.

– Kva trur du blir den viktigaste utfordringa for nynorsk kommunane framover?

– Å rekruttere medarbeidarar som både er gode på sitt fagfelt og samstundes skriv god nynorsk.

– Korleis påverkar språksakene eit eventuelt regjeringssamarbeid etter valet?

– Sondering og draftering av eit eventuelt regjeringssamarbeid omfattar ei totalvurdering av alle viktige saker. Språksakene er ei av desse.

Prøv

DAG
OG
TID

– den nynorske vekeavisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk

DAG
OG
TID -lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksevegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.



– Gi borna nynorskboeker



NYNORSKE BOKSKATTAR: Tre femårsgrupper i barnehagar i Os kommune har nyleg fått utlevert ei skattekiste med nynorske barneboeker og ressurshefte, som del av eit språkleg samarbeidsprosjekt mellom Søfteland skule og barnehagane i kommunen. (Foto: Elisabeth Djuvik Hanstvedt)

– Det skal ikkje så mykje til for å få born i barnehagen og småskulen til å bli tryggare på det nynorske skriftspråket, seier Elisabeth Djuvik Hanstvedt.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no



SAMARBEIDER:
Lærar og skulebibliotekar ved Søfteland skule, Elisabeth Djuvik Hanstvedt, koordinerer nynorskprosjektet for femårsgrupper og skulborn i Os kommune. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

SER RESULTAT: Liv Kristin Bjørlykke Øvereng, ved Nynorsksenteret, er nøgd med resultatet av dei nynorske barneboekeprosjekta. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)



Ho jobbar som skulebibliotekar ved Søfteland skule i Os kommune og er samstundes ansvarleg for gjennomføringa av eit nynorsk språkprosjekt på Os. Prosjektet kom nå i år inn under Nynorsksenteret sitt barnehageprosjekt, Nynorsk i barnehagen / Nynorsk frå skulestart.

– Prosjektet vårt, som starta i år, er eit samarbeid mellom barnehagen og skulen, fortel Hanstvedt. Tanken er å førebu femårsgrupper på språkoppføringa i skulen, held ho fram.

SKATTEKISTER

Samarbeidsprosjektet på Os munna nyleg ut i tre skattekister som dei tre barnehagane får. Innhaldet er 35 bøker på nynorsk innan ulike sjangrar, som høgtlesingsbøker, rim og regler og faktabøker.

– Born bryr seg ikkje om dei les om dinosaurar på nynorsk eller bokmål, understrekar Hanstvedt. Men ved å få høyra nynorsktekstar vil dei òg opparbeida seg eit nynorsk ordforråd.

I tillegg til bøker får personalet i barnehagen eit ressurshefte som inneheld tips til nyttige nettstader som har fokus på nynorsk språkoppføring, og arbeidsoppgåver knytte til bøkene i skattekista.

– Målet er at borna ikkje skal bli presenterte barnelitteratur heilt ukritisk, seier Hanstvedt. Borna må bli presenterte tekstar på det språket dei skal læra i skulen, allereie i barnehagen. Den manglande tilgangen på nynorsk barnelitteratur i barnehagane heng saman med økonomi, trur Hanstvedt.

– Dei store forlaga har større høve til å senda ut rimelege bokpakkar enn dei nynorske forlaga, og for barnehagar med dårleg økonomi blir det lett å prioritera desse. Men på Os har dei lokale mållaget vore ute tidlegare med nynorskboeker til barnehagane, fortel ho.

GODT SAMARBEID

Det ligg til rette for at prosjektet skal gjere gode resultat, då både barnehagar og

skulen er involverte. Hanstvedt fortel at ho i dag samarbeidar tett både med pedagogisk leiar i barnehagen Nøtteliten, Gro Øvredal, som jobbar med femårsgruppa i barnehagane, og Grethe Thomassen, som skal ha fyrsteklassingane komande haust. Hanstvedt si rolle frametter blir å vera eit bindeledd mellom barnehagen og skulen.

STYRKA IDENTITET

For Nynorsksenteret var samarbeidsprosjektet på Os så spennande at dei let dei ta del i det allereie oppstarta barnehageprosjektet, som har vara i snart tre år. Eigentleg skulle prosjektet ha vore runda av til jul i år, men er nå utvida til sommaren 2013.

Høgskulelærar Liv Kristin Bjørlykke Øvereng er prosjektleiar for det treårige språkprosjektet Nynorsk i barnehagen / Nynorsk frå skulestart. Prosjektet har hatt i alt 31 deltakarar frå fire ulike fylke.

Tilbakemeldingane ho har fått frå barnehagane undervegs, har vore utelukkande positive.

Barnehagar i nynorsk kommunar har opplevd at dei har fått hjelp til å styrka identiteten og det nynorske språket tidleg.

– Medan nokre barnehagar i oppstarten hadde vanskar med å få med alle i personalet i nynorskprosjektet, er det nå etter to og eit halvt år ikkje eit tema lenger, fortel Øvereng. Det har blitt naturleg å lesa nynorsk.

– Ein les nynorsk litteratur på nynorsk, bokmålslitteratur på bokmål og snakkar dialekt, seier Øvereng.

BYGGER OPP BOKSAMLING

Via prosjektet har barnehagane fått tildelt medlemskap i Blåmann bokklubb, og barnehagane fekk òg betalt eit års tinging av kulturavisa Pirion. Det andre året medverka Nynorsksenteret til frikjøp av tid, slik at ein skulle kunna leia prosjektet i barnehagen og få jobba med korleis ein skulle nytta nynorsk barnelitteratur i barnehagane.

– Mange barnehagar hadde i starten meir enn nok med å byggja opp boksamlinga si, fortel Øvereng.

SKILJE MELLOM DIALEKT OG NYNORSK

Prosjektdeltakarane har i tillegg delteke årleg på seminarar for å få hjelp til oppstart og oppfølging.

– Her har dei blitt inspirerte og fått kunne om korleis ein kan jobba med nynorsk i barnehagen.

På det fyrste seminaret vart skiljet mellom dialekt og nynorsk skrift lyft fram av føredragshaldar Ingeborg Mjør, førsteamanuensis i litteraturvitskap og barnebokkritikar, fortel Øvereng. Det var tydeleg at mange av deltakarane sette pris på denne grenseoppgangen mellom skriftspråket og dialektbruk i formidling av tekst. Mjør understreka at born må få høyra skriftspråket munnleg dersom dei skal læra skriftspråket. Dette gjeld så vel for dei som skal læra nynorsk som hovudmål, som for dei som skal læra bokmål som hovudmål.

Målsettinga med prosjektet var formidling av nynorsk tekst til born i barnehagar og utvikling av digitale ressursar, noko som er skissert i tiltaksplanen til Nynorsksenteret, fortel Øvereng.

– Oppdraget vårt har heile tida vore å påverka oppfatningane av kva som trengst av læremateriell. Målet for tiltaksplanen er at nynorske tekstar skulle formidlast til alle born i barnehagen.

For Aukra barnehage i Aukra kommune har prosjektet vore ein suksess.

– Me ser synlege resultat, fortel avdelingsleiar ved Nisseberget, Solfrid Berild. Me les meir nynorske bøker på nynorsk og ikkje på dialekt. Før prosjektet hadde me mange bøker, men mest på bokmål, seier ho og legg til at ho meiner det for lite medvit om kva som finst.

– Når ein jobbar med den nynorske litteraturen, ser ein at det er så mykje spennande og bra.

Får eigen pris



NY: Barne- og ungdomslitteraturen får ein eigen Nordisk råds litteraturpris. (Illustrasjonsfoto: Elin Moen Karlsen, Norsk Plan)

FORNØGD: På bøg tid med ein eigen Nordisk råds litteraturpris for barne- og ungdomsbøker, meiner Bjørn Ingvaldsen, leiar i Norske barne- og Ungdomsforfattere. (Foto: Gyldendal.no)



No er det bestemt at Nordisk råd skal ha ein eigen pris for barne- og ungdomslitteratur, og den første prisen blir delt ut i 2013.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Vi er veldig begeistra, og vi vil gjerne ta på oss litt av æra for at prisen har blitt ein realitet, seier ein fornøgd leiar Bjørn Ingvaldsen i Norske Barne- og Ungdomsforfattere (NBU) i ein kommentar. For det var etter fleire forslag og langvarig påtrykk frå forfattarorganisasjonen

at dåverande kulturminister Anniken Huitfeldt tidlegare i år fekk sine nordiske kollegaer med på å vurdere å opprette denne prisen.

– Vi har sett at dei andre nordiske kulturprisane er med på å skape både nordisk og internasjonalt merksemd om nordisk kultur, og det skal vi utnytte også på barne- og ungdomsområdet, sa Huitfeldt den gongen om motivasjonen for å opprette ein Nordisk råds litteraturpris nummer to.

PÅ HØG TID

No i november vart det bestemt at prisen skal delast ut første gong i 2013, og Ingvaldsen har tru på at innføringa av ein sjølvstendig pris for barne- og ungdomsbokforfattarar gjer at denne litteraturen no blir teken meir på alvor.

– Vaksenbokprisen til Nordisk råd kan formelt sett gå til ein barne- og ungdomsforfattar, seier Ingvaldsen. – Men det har aldri vore vurdert eller nominert ei barnebok, og det er ingen jurymedlemmer som har kompetanse innan barne- og ungdomslitteratur. Tida er overmoden for ein eigen pris, og vi er svært glade for at Huitfeldt delte vårt syn på saka og løyvde pengar og fekk sett i gang arbeidet med å utgreie prisen.

MEIR FRÅ NABOLANDA

Noko av det viktigaste med denne prisen er at han vil vere med på å auke kjennskapen til litteraturen i dei nordiske nabolanda, meiner Ingvaldsen.

– Vi får mykje engelskspråkleg litteratur til omsetjing, og det kjem noko svensk og dansk.

– Men det finst knapt nokon nordmann som kjenner til finske barneboeker. Bortsett frå Mummilanden, då, men dei blir jo skrivne på svensk.

Han trur stoda er lik i dei andre nordiske landa, og NBU ser no fram til at ein skal få ei auka merksemd kring nabolandslitteraturen.

PRESTISJEFYLT

– Det å bli nominert til ein slik pris vil også vere med på å gje forfattarane aktning i heimlandet og skape blest om forfatterskapen. Vi håper at det blir like stor prestisje knytt til denne prisen som til vaksenprisen til Nordisk råd og Brageprisen.

Ingvaldsen håper òg på mykje blest kring sjølve nominasjonsprosessen og sjølv sagt kring utdelinga. Så er det opp til kulturliet å bruke prisvinnarane i ulike litterære samanhengar etterpå.

– Litteraturfestivalen på Lillehammer inviterer kvart år ALMA-prisvinnaren til festivalen sin. Kva med eit møte mellom dei to prisvinnarane? fabulerer han.

I pengepotten til prisen ligg det, i tillegg til sjølve prispengane, også midlar til omsetjing av nordisk litteratur til nabolandspråka og skriveopplæring for barn og unge.

VIA TRE MINISTRAR

Nordisk råds barne- og ungdomspris blir uavhengig av vaksenprisen, og han blir delt ut på operaen i Oslo i oktober 2013. Ifølgje Kulturdepartementet var det opphavleg Valgerd Svarstad Haugland som hadde ideen om ein slik pris, før Huitfeldt var med og tok han vidare. Til slutt vart det noverande kulturminister Hadia Tajik som

saman med sine nordiske kulturministerkollegaer fekk klubbe vedtaket gjennom.

– Eg er glad for at Nordisk Råd har gått inn for å etablere ein eigen pris for barne- og ungdomslitteraturen. I 50 år har Nordisk råds litteraturpris bidrege til å gje merksemd til nordiske forfattarar, men han har aldri vore delt ut til ein barne- og ungdomsforfattar.

– Barn og unge er minst like viktige lesarar som vaksne. Den nordiske barne- og ungdomslitteraturen held høg kvalitet. Prisen kan vera med på å lyfta han enda høgare, sa kulturministeren då vedtaket vart gjort kjend i november.

LNK KORTET 2011-2013

Best Western
HOTELL HORDANEHEIMEN

Best Western
BONDE VERDEN

Best Western
HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

Få kampanjar på nynorsk

Skulane får tilsendt mykje kampanjemateriell som plakatar, brosjyrar og pedagogiske opplegg. Lite av dette er på nynorsk, kvifor?

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Språkrådet får av og til klager frå foreldre der borna som går på nynorsk skule, har fått læringsressursar på bokmål. Dette er stoff som forlaga lagar. Språkrådet har ikkje formelt ansvar for opplæringslova, men i fjor skreiv Språkrådet eit brev til Kunnskapsdepartementet der dei ber departementet om å ta problemet på alvor.

– Språkrådet er uroleg for språkutviklinga og den språklege sjølvkjensla til denne elevgruppa fordi dei stadig må ta til takke med materiell på bokmål i undervisninga, skriv dei i brevet.

Språkrådet meiner det som eit minimum burde finnast parallellversjonar av alle læringsressursar som blir utvikla til

bruk i skulen, når dette skjer i regi av statlege aktørar eller av private aktørar med statleg støtte.

Språkrådet fekk aldri svar på dette brevet.

Sigfrid Tvittekkja understrekar at mållova, som Språkrådet fører tilsyn med, også stiller krav til utgjevingar på begge målformer når dette er stoff som skal brukast i skulane.

– Når statsorgan lagar materiell til bruk i skulen, skal dei alltid vurdere å leggje materialet ut i begge målformer, sjølv om mykje av poenget med statleg språkbruk er at ein skal veksle mellom målformer innanfor same tilfanget. Me meiner bestemt at langt meir enn det som blir presentert på både nynorsk og bokmål i dag, burde ha blitt det, seier Sigfrid Tvittekkja i Språkrådet.

Det som forlaga lagar, kjem under kravet om parallellutgjeving i opplæringslova.

Der slår ein fast at det i andre fag enn norsk berre kan brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris. Også digitale læremiddel kjem under parallellitetskravet, men dei må t.d. brukast regelmessig for å nå vesentlege deler av kompetansemåla, eller dei må vere viktige for dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen for faget. Likevel blir det produsert mykje berre på bokmål, som lærarar faktisk brukar i klasserommet regelmessig, og som borna får lekser i. Forlaga legg dette ut som læringsressurs og ikkje som læremiddel, men skulane brukar det som læremiddel. Språkrådet meiner lova bør rydde opp i tilhøvet mellom middel og ressurs.

Kommunikasjonsrådgjevar i Utdanningsdirektoratet, Kristine Strømmen, slår fast at det er skuleeigar sitt ansvar dersom ein er i tvil om materialet fell innanfor kravet om parallellutgjeving.

– Det stemmer. Og skuleeigarane må slutte å dele ut ting som berre er på bokmål, dei må i alle fall sjekke ut om det finst eit alternativ på nynorsk først. Det er få skular som gjer noko med dette i dag. Kanskje dei ikkje veit kva dei må gjere, seier Tvittekkja.

TINE har ein eigen nettportal for skulemjølk. På Skolemelk.no er det meste av materialet på bokmål, men kommunikasjonsrådgjevar Olav Håland opplyser likevel om at nokre av hjelpesidene også er på nynorsk.

– Emballasjen er lik, og det er bokmåltekst på kartongane. I skuleklassen blir skulemjølka delt ut frå nokre små transportkassar. På den eine sida står det skulemjølk og på den andre sida skolemelk, seier Håland. Han viser til at TINE har lite skriftleg kontakt med skulane, men at brev som blir sende ut, blir sende på den målforma skulen brukar.

– Målforma er viktig for TINE. Våre eigarar og mjølkeproducentar representerer eit mangfald når det gjeld bruk av målform. Det same gjeld forbrukarane våre. Samstundes har me produkt som det er naturleg å bruke nynorsk tekst på ut frå



SKOLEMELK: Kommunikasjonsrådgjevar i TINE, Olav Håland, legg ikkje skjul på at kartongane med skulemjølk har bokmålsteik. (Foto: TINE)

Skuleeigarane må slutte å dele ut ting som berre er på bokmål, dei må iallefall sjekke ut om det finst eit alternativ på nynorsk først.



Sigfrid Tvittekkja (Foto Språkrådet)

geografisk og historisk tilknytning. Døme på dette er chèvresten frå Haukeli, gamalosten frå Vik og den eksklusive eplejusen frå Hardanger. På slike produkt er det heilt naturleg å bruke nynorsk. Elles legg me vekt på å bruke begge målformer på mjølka vår.

Fairtrade Noreg har eit eige skuleopplegg der skular kan søkje om å bli Fairtrade-skule eller nytte seg av informasjonsmateriell som er meint som ei rettleiing for lærarane. 30 kommunar er Fairtrade-kommunar her i landet, medan det til no er ni skular som har kasta seg med i opplegget. Målet er at skulane skal setje rettferdig handel på dagsorden, og at elevane skal bli medvitne om kva marknadskreftene gjer for produsentane av varene. Mange av Fairtrade-kommunane er nynorsk kommunar, likevel er opplegget frå Fairtrade i dag berre på bokmål.

– Me skulle gjerne hatt det på nynorsk, men slik ressurstilgangen vår er i dag, blir materialet nok berre på bokmål også i framtida. Det er viktig for oss å utvikle konseptet våre vidare, og det ligg mykje på administrasjonen her i Oslo, som diverre berre skriv bokmål, seier Andreas Feen Sørensen som er prosjektkoordinator for Fairtrade-kommunane.

– Er det rettferdig?

– Nei, det kan du kanskje seie det ikkje er. Men det er i alle fall så rettferdig som ein kan få det akkurat nå.

Leiar i Lærarmållaget, Håvard Tangen, meiner det ikkje heng på greip at nynorsk skulane ikkje får tilgang til informasjonsmateriell på eige mål.

– Dette osar bokmålspropaganda lang lei. Nynorsken må stå fram som eit normalt, fulldekkjande mål med uavgrensa



– Dette osar bokmålspropaganda lang lei. Nynorsken må stå fram som eit normalt, fulldekkjande mål med uavgrensa kode.



Håvard Tangen (Foto: Peter A. Kristoffersen)

– Det burde vel eigentleg vore sjølv sagt at me som lagar undervisningsmateriell til skulen, må bruke begge målformer. Likevel må eg vedgå at det var tydeleg tilbake melding frå fleire skular som fekk oss til å innsjå at dette måtte prioriterast, seier Kari Vestbø i Hei Verden.

– I tillegg såg me jo at det blir eit paradoks når norske elevar samlar inn pengar for at quichuaborn i Peru skal få undervisning på deira eige språk, medan dei same norske elevane ikkje får undervisningsmateriell på sitt skriftsspråk.

I skuleaksjonen Hei Verden samlar borna inn pengar til å hjelpe quechuaindianarane i Peru.

– Alle born har rett til å få gå på skule og til å bruke sitt eige språk. Sjølv om quechuaindianarane utgjer nesten halvparten av folket, opplever dei dagleg ei språkleg og kulturell diskriminering, også i skulen. Eg blir trist når eg tenkjer på kva det gjer med eit barn som kjem på skulen, full av forventningar og læreyst, at læraren snakkar eit språk barnet ikkje forstår. Ikkje berre blir det svært vanskeleg å henge med i timen, men faren er at det også går ut

over barnet sin identitet og sjølvoppfatning. Mange born i Peru får ei oppfatning av at quechua er eit språk for enkle bønder, medan spansk representerer utvikling og det moderne liv.

– Kva respons har de fått?

– Me har fått veldig god respons. «Så bra at de har materiell på nynorsk!» har vore kommentaren som går igjen. Utfordringa for oss er å nå fram til lærarar med informasjon om at me har undervisningsmateriell frå fleire land som kan brukast i mange fag. Alle artiklane på skulesidene våre finst no på begge målformer.

– Kvifor trur du det finst så lite materiell på nynorsk?

Det er nok mange grunnar til det. Kanskje ein av grunnane er at dei fleste organisasjonane held til i Oslo? Me held til i Stavanger og er tett på skular både i Ryfylke og på Jæren.

startside /

Klikk deg
til meir
nynorsk!

www.startside.no

LNK
KORTET
2011-2013

Best Western
HOTELL BØNDEHEIMEN

Bonde
veinen

Best Western
HOTELL BØNDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no
om tilboda kortet gir

f
t
06
TWITTER

Frå 2013 går Pirion vekk frå tingingsordning og trykt utgåve.

Men me er framleis å lesa på pirion.no og i Fagbladet.

Følg oss på facebook/pirion og @avisapirion på Twitter.

På Lnk.no møter du spanande kommentatorar som skriv om Kommune-Noreg, språk og nynorsk. Her er nokre smakebitar.

LNK NYTT

Dan-Erik Aggvin
Kommunikasjonssrådgjevar ved Distrikssenteret

– Eg er ikkje i mot språkreglane og eit lovmessig vern av dei to målformene våre. Det eg lurar på, er om det tener målet å gjere alt så firkanta.



(Foto: Distrikssenteret)

Tor Ole Steinsland
Kommunikasjonsdirektør i Kommunalkbanken

– Då er det interessant at ei ny undersøking frå NTNU avdekkar at personar som ofte skriv nynorsk, også les bokmål raskare. Elevane blir altså flinkare i bokmål av å læra nynorsk. Det trur eg ikkje mange motstandarar av nynorsk er klar over.



(Foto: Kommunalkbanken)

Hadia Tajik
Kulturminister

– Me skal feire nynorsk, bokmål, samiske språk og det språklege mangfaldet i Noreg som òg minoritetsgrupper har bidrege til. Målet er eit år som samlar, inkluderer og gjer oss meir medvitne om språket vårt. (Om Språkåret 2013.)



(Foto: Hanna Maria Van Zijp)

SITATET:

– Og eg skal innrømme at min kanskje aller største draum i livet er at eit ord eg har funne på ein dag toppar Språkrådets nyord-liste.

Are Kalvø på Framtida.no

Læreplan i norsk ute til høyring

Dette ser ut til å bli eit tydelegare norskfag, seier Jan Magne Dahle i LNK om utkastet til læreplan i norsk som no er sendt ut til høyring.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

judith@norsk-plan.no

Utdanningsdirektoratet har i dag sendt den reviderte læreplanen for norskfaget ut til høyring. Det har så langt vore mest diskusjon kring endringane av vurderingsordningane og om når ein bør byrje med sidemålsundervisning. På desse punkta er LNK og Noregs Mållag samstemde.

– Noregs Mållag er glad for at SV og kunnskapsminister Kristin Halvorsen no seier at dei ikkje kan godta eit alternativ utan eigen karakter i sidemål, seier Håvard B. Øvregård, leiar i Noregs Mållag.

Også Dahle meiner det var viktig at landsmøtet i AUF og landstyremøtet i SV gjekk inn for eigen karakter i sidemål. I utkastet som no er sendt ut til høyring, er det lagt fram tre forslag til vurderingsordning.

Det første er at ein held fram med den gjeldande ordninga, der ein får tre standpunktcharakterar etter ungdomstrinnet og det studieførebuande utdanningsprogrammet, to standpunktcharakterar etter Vg2 på det yrkesfaglege utdanningsprogrammet; ein i skriftleg hovudmål og ein i munnleg.

I den noverande ordninga kan elevane dessutan bli trekte ut til to dagar med skriftleg eksamen i norsk, ein dag hovudmål og ein dag sidemål, etter 10. årstrinn. Etter Vg3 i studieførebuande utdanningsprogram og påbygging til generell studiekompetanse skal elevane opp i skriftleg hovudmål. I tillegg kan dei bli trekte ut til skriftleg sidemål.

POSITIVT OVERRASKA

I alternativ 2 kjem forslaget om to standpunktcharakterar, ein i munnleg og ein i skriftleg norsk, for ungdomstrinnet og alle utdanningsprogram. Her kan elevane bli trekte ut til ein dag med skriftleg eksamen i norsk etter 10. årstrinn. Eksamen etter Vg3 og påbygging til generell studiekompetanse



POSITIVT OVERRASKA: Jan Magne Dahle i LNK meiner det er gledeleg at det no ser ut til å bli eit tydelegare norskfag. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmealand)

har to alternativ: Elevane skal ha ein skriftleg eksamen i norsk, med éi oppgåve i sidemål og éi i hovudmål, og får ein felles karakter, eller elevane skal ha ein eksamen i skriftleg hovudmål og ein eksamen i skriftleg sidemål, og får to karakterar.

– Dette vart me positivt overraska over. Alternativ 2 er så interessant at det må me ta ein runde på, seier Jan Magne Dahle og meiner det er viktig for LNK at ein sikrar nynorsk-kunnskapane til elevane som tek høgskuleutdanning i tekniske

og administrative fag og seinare byrjar å arbeide i ein kommune.

Det tredje forslaget til vurderingsordning gjev ein felles standpunktcharakter i norsk for ungdomstrinnet og alle utdanningsprogram. I 10. trinn kan elevane



STATUS: Håvard B. Øvregård meiner det er viktig at revisjonen ikkje fører til statusstap for nynorsken. (Foto: Hege Lothe)

trekkjast ut til ein dag med skriftleg eksamen i norsk hovudmål, og etter Vg2 i studieførebuande utdanningsprogram skal elevane opp til eksamen i skriftleg sidemål. Etter Vg3 skal dei opp til eksamen i skriftleg hovudmål.

VIKTIG MED TIDLEG START

Høyringsframlegget er òg eit gjennomslag for tidleg start for sidemålsopplæring, noko Noregs Mållag har arbeidd for i ei årrekke.

– Noregs Mållag vil ha eit best mogleg norskfag, med ei best mogleg vurderingsordning. Det er avgjerande at revisjonen og vurderingsordningane ikkje fører til statusstap for nynorsken, seier Øvregård.

– For LNK er det viktig at elevane møter sidemålet tidleg, i dette utkastet er det lagt opp til at elevane skal møte sidemål allereie i 2. klasse. Det er positivt, slår Dahle fast.

I forslaget til læreplan er det lagt opp til kompetanssmål etter 2, 4, 7 og 10 år.

– Dette ser ut til å bli eit tydelegare norskfag, etter mi meining, der ein har skrella vekk ein del ting som like greitt kan gå inn i andre fag, seier Dahle.

Han rosar også framlegget om å forlate kompetanssmål som munnleg tekst, og heller kalle det munnleg kompetanse. I forslaget er det lagt opp til tre hovudområde for kompetanssmål: munnleg kompetanse, skriftleg kompetanse og kompetanse i språk, kultur og litteratur.

– For Noregs Mållag er det viktig at revisjonen ikkje går på tvers av vedteken språkpolitikk, og at resultatet ikkje vert eit norskfag som svekkjer jamstillingsprinsippet, seier Øvregård.

Saka er no ute til høyring, med høyringsfrist 5. mars. Både LNK og Noregs Mållag vil kome med eit breitt høyrings svar.

Ny statssekretær frå Sogn og Fjordane



(Foto: Morten Krogvold)

Kristin Maurstad (32) frå Vågsøy er konstituert som statssekretær for nærings- og handelsminister Trond Giske. Det er vikariatet Roger Ingebrigtsen har hatt, som Maurstad no skal ta over.

– Dette er draumedeptementet når eg først skulle få sjansen. Det er slike ting ein ikkje torer å drøyme om, og eg er utruleg audmjuk og glad, seier ho til Firda. Maurstad er varaordførar i Vågsøy kommune, styremedlem i Sogn og Fjordane Ap og står på tredje plass på stortingslista til Sogn og Fjordane Ap. Til dagleg jobbar ho som prosjektleiar i Fram Flora, som er næringssselskap for Flora kommune og næringslivet i Flora. (NPK)

LANDSTINGET 2013
Voss • 23. - 25. april

Tema under konferansen:

**NYNORSK
I SPRÅKÅRET 2013
- EIN STATUSRAPPORT**

Korleis er stoda for nynorsken på ulike område i samfunnet?

Aktuelle tema vert belyste gjennom føredrag, debattar og kulturinnslag

Landstinget opnar med kulturkveld i Voss kulturhus tysdag 23. april

Meir om Landstinget 2013, fullt program og påmeldingsinformasjon kjem på www.LNK.no og i eigen brosjyre på nyåret

KBN Kommunalbanken Norge

Sunnhordland Avis- og Trykksaksproduksjon

KLP

FAGFORBUNDET

BEST WESTERN HOTELL BONDEHEIMEN

startside /
www.startside.no

Klikk deg til meir nynorsk!
Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:
www.framtida.no/tags/framtida

I startgropa

Den nye leiaren i Utdanningsforbundet gjekk sjølv i demonstrasjonstog på 70-talet for å få læremiddel på nynorsk.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det er tidleg ein fredag morgon, ikkje så lenge etter applausen og gratulasjonane under landsmøtet til Utdanningsforbundet i november. Ragnhild Lied (53) er heime på Stranda. Det er her ho bur, og det har ho tenkt å halde fram med. Ho skal pendle også etter nyttår, når ho trer inn i den nye leiarrolla, flytting til Oslo blir det ikkje. I går kveld var ho ute for å møte medlemmene i lokallaget i Hareid.

– Det er viktig, det er dei lokale forholda det handlar om. Me må møte dei som står i klasseromma og verkeleg veit korleis stoda er, både det som er bra, og det som er mindre bra, seier ho.

Det veit ho også sjølv. Som lærar på Stranda vidaregåande skule frå 1983 og fram til 2002 veit ho kva lærarrolla krev. Mange år med erfaring frå læreryrket var det også godt å ta med seg inn i arbeidet som tillitsvald i Utdanningsforbundet. Som ny leiar flaggar ho ikkje dei nye, revolusjonerande sakene, men ho lovar å halde fram det arbeidet forgjengaren Mimi Bjerkestrand har drive. Ho er oppteken av ein god skule og ein god barnehage, og ikkje minst arbeidsvilkåra lærarane skal arbeide under.

– Ein må få på plass eit godt tilbod for etterutdanning i alle fag. Det blir også viktig for sidemålet og nynorsken. Og lærarane må få ei lønn dei fortener. Det blir spanande å sjå framover, eg er klar til å gjere ein god innsats.

Organisasjonen ho tek over leiinga i, er den nest største fagforeininga, med 156 000 lærarar og leiarar i skulen og barnehagen. Sjølv har ho vore andre nestleiar i Utdanningsforbundet sidan 2010 og tillitsvald på heiltid sidan 2002.

Å vere uthaldande kan kome godt med i ein leiarjobb. Eit hovudfag i kroppsoving er kanskje ein nøkkel til å halde ut. Ragnhild Lied er ikkje kjend for å gje seg og heller ikkje for å ta lett på oppgåvene.

– Eg har alltid hatt eit spesielt engasjement for idrett og friluftsliv. Kroppsoving skal ikkje vere eit fag som handlar om toppidrett, men eit fag der ein lærer mange ulike typar aktivitet, og ikkje minst noko borna kan mestre. Me må utfordre dei passeleg, ikkje for lite, men heller ikkje for mykje.

Ho har møtt elevane som ikkje vil, dei som ikkje har motivasjon, og dei som aldri tykkjer dei har fått det til.

– Du må møte elevane der dei er. Dei som sjølv meiner dei er taparar, må få oppgåver også dei kan mestre. Det er viktig at læra-

rane kan motivere, at dei har utdanning til å forstå elevane og vite korleis dei best kan legge undervisninga opp.

– Det er akkurat likt i mattefaget. Eg har møtt 16-åringar som seier matte ikkje ligg for dei; det var ikkje noko for mora heller då ho gjekk på skulen, seier dei. Det høyrer ut som om det er ein genetisk grunn til at dei ikkje klarer å lære matte. Det stemmer jo ikkje; alle kan lære matte, og basisgrunnlaget i faget treng du resten av livet.

Likevel meiner ho det er viktig å ta vare på breidda i undervisninga.

– Eg er redd ein ofte prioriterer dei tunge fagfelte. Matte og norsk er kjempeviktige fag, men det er ikkje nok med berre dei. Ein treng noko i tillegg.

Ho er ikkje spesielt glad i for mykje prat om prestasjonar, heller.

– Sjølv sagt må me snakke om prestasjonar, for det er det som gjev elevane motivasjon, og som gjev dei ei kjensle av å mestre noko. Men prestasjonsmåla ein brukar, blir ofte for smale. Det er like viktig å måle korleis ein fungerer i ei gruppe og i eit samarbeid, til dømes.

Prestasjonsmålingar kjem ein ikkje utenom i kroppsoving.

– Elevane skal kjenne litt på at ein spring fortare viss ein trenar. Men ein må ikkje berre springe rundt med ein peikefinger og slå fast at dei må trene for å unngå hjartefinfarkt som 30-åring. Me må snakke om alt det positive treninga fører med seg. Skal ein trene når ein ikkje har lyst, må ein vere motivert.

Den nye leiaren i Utdanningsforbundet slår også eit slag for sidemålet. Sjølv har ho alltid hatt nynorsk som hovudmål og meiner språket er ein viktig del av identiteten.

– Mange nynorskelevar kjenner på eit press når dei skal byrje å studere, mange skifter då til bokmål. Eg kjende på det sjølv, men klarte å stå i mot.

– Eg trur mange vil bli overraska viss dei tenkte over kor mange dialektar som ligg tettare opp mot nynorsk enn bokmål.

Ragnhild er oppteken av korleis ein skal legge opp nynorskundervisninga. At ho ber preg av noko positivt.

– Elevane må få positive opplevingar, også i sidemålsundervisninga. Læraren må formidle gode, positive haldningar. Mange påstår at elevane berre treng munnleg opplæring i nynorsk, men det er heilt feil. Me lærer ik-



(Foto: Utdanningsforbundet)

Skal ein bevare nynorsk, må ein ta vare på det aktive, verbale språket. Det er viktig at dei som skal lære nynorsk, må knekke den koden.

kje nynorsk berre ved å høyre det, ein må skrive det òg.

Skal ein bevare nynorsk, må ein ta vare på det aktive, verbale språket. Det er viktig at dei som skal lære nynorsk, må knekke den koden.

Ho vil ha fleire dialektar på barne-tv og ikkje minst ein slutt på at svenske og danske barneprogram blir dubba.

Det er berre tull, sjølv sagt forstår dei både svensk og dansk.

Forgjengaren Mimi Bjerkestrand var tidlegare i haust ute og meinte ein burde halde på den skriftlege sidemålsopplæringa både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Ragnhild er ikkje usamd i det. Utkast til ny læreplan i norsk er på høyring, og Utdanningsforbundet skal også meine noko.

– Eg er heilt sikker på at det må vere eit krav om å ha eksamen i sidemål. Om alle må ha han, eller når han skal vere, er andre spørsmål som me må arbeide med. Det er òg heilt opplagt at ein må bruke meir tid på hovudmålet, men korleis dette skal leggst opp, må me sjå på.

Ho ser haldningane i skulen som øydelegg for nynorsken. Spesielt i Oslo-skulen har ho høyrte haldningar som ikkje er eit godt utgangspunkt for å auke glede over språket. Lærarane må vere med å bygge opp forståinga og glede over nynorsk, meiner ho bestemt.

Sjølv gjekk ho i demonstrasjonstog på 70-talet for å få nynorske læremiddel til rett tid.

– Dei kom alltid for seint, det er ikkje noko nytt i det. Ikkje har det blitt enklare, heller.

Forventingane til å bruke læremiddel som er nettbaserte, aukar også. Skulane og lærarane må vere bevisste på dette og krevje det på nynorsk der det ikkje føreligg. Det er fagfolk og kommunar som må presse på her.

Ho har også registrert at nynorskorganisasjonane ynskjer å samarbeide for å legge til rette for ein nynorsk ressursbase for skular og barnehagar. Sjølv meiner ho Nynorsk-senteret og Ivar Aasen-tunet er naturlege midtpunkt i det arbeidet.

– Eg er jo vaksen opp i Volda, så Ivar Aasen-tunet kjenner eg godt. Dei har drive moderne frå starten av og vore kreative i korleis ein kan formidle ut til publikum.

Det er valkamp, noko ein også merkar i skulen. Under landsmøtet til Utdanningsforbundet sa den påtroppande leiaren dette om den politiske drakampen;

– Skal me rekruttera blant dei beste, må læreryrket bli meir attraktivt. Aller viktigast er gode lønnsvilkår og ein arbeidskvardag som gjev lærarane, både i barnehagen og skulen, tid og høve til å vere nettopp det politikanne ønskjer seg: flinke lærarar. Tids-tjuvar og overflødige dokumentasjonskrav må bli historie. Mi utfordring til alle parti framfor stortingsvalet er derfor denne: Lat oss sleppe tomme løfter og enkelttiltak som ikkje monnar. Vis at de verkeleg vil satse på skule og barnehage.

SJØLVMELDING

Namn: Ragnhild Lied
Alder: 53

Bur: Stranda, pendlar til Oslo

Sivil status: Singel

Les: Saksdokument, forskingsrapportar, aviser og skjønllitteratur.

Høyrrer på: Radio (P2)

Førebilete: Ingen særskilde, men likar godt blandinga av klokskap og godt humør.

– Bør halde på medlemskapen

Høgre ynskjer å melde Sauda kommune ut av LNK. Dette reagerer varaordførar Laura Seltveit (Ap) på.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Eg er ikkje overraska, Høgre kjem med dette forslaget kvart år, seier Seltveit om budsjettforslaget om å melde kommunen ut av LNK.

I Høgre sitt budsjettframlegg har dei i tillegg til medlemskapen i LNK kutta driftsutgifter som midlar til Ryfylkefondet og til vennskapssamarbeidet mellom Sauda og San Juan del Sur. Høgre går ut frå at ein vil spare 30 000 kroner ved å avslutte medlemskapen i LNK, sjølv om medlemskapen berre kostar 10 000 kroner.

– Ja, me har sett den korrigeringa. Eg veit ikkje kva som er grunnen til at 30 000 er opplyst, kanskje det er teke høgde for



HÅPAR: Varaordførar i Sauda og styremedlem i LNK, Laura Seltveit (Ap) håpar ikkje Høgre vann fram med forslaget om å melde kommunen ut av LNK. (Foto: Fotograf Nordveit)

reiseutgifter og anna, seier Laila Stødle (H), som la fram forslaget for formannskapet.

– Me brukar for mykje pengar og må kutte der det svir minst. No må me styrke

tilbodet til barn og unge, så det blir vekst i Sauda, meiner Stødle.

Laura Seltveit meiner derimot kommunen kan vinne meir enn dei taper på medlemskapen i LNK.

– Som medlemskommune i LNK får me jo tilbod om gratis språkkurs for tilsette i kommunen, det ville kommunen spart mykje på. Eg meiner nynorsken er ein viktig del av identiteten vår, og me skal ikkje gløyme at skulane våre er nynorskskular, seier varaordføraren bestemt.

Laura Seltveit sit også i styret til LNK. Budsjettsaka blir avgjort 12. desember, følg med på Lnk.no for å sjå resultatet.

Sunnhordland
MEDIETILBUD

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar i ditt nærrområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen

EKSTRA!
PROFILERING
PÅ FRAMSIDA
sunnhordland.no

17.500*
unikke brukarar
169.000*
sidevisingar

* I snitt pr. veke

sunnhordland.no

SITATET:

– Eg er letta over at sidemålet truleg får eigen plass på vitnemålet. Samstundes er det frustrerende å sjå at styresmaktene legg opp til å skjere hardt i kompetansemåla for sidemål.

Leiar i Norsk Målungdom, Vebjørn Sture til nm.no om læreplanen i norsk som no er sendt på høyring.

Språkleg fest



TAR IMOT: Prosjektleiar for språkkåret 2013, Inger Jobanne Sæterbakk, vil inspirere fleire til å lage gode prosjekt i Språkkåret 2013. (Foto: Laila Walseth Lid)

Nokre av brikkene i Språkkåret 2013 er på plass. Likevel er det plass til fleire innspel.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Det blir først og fremst veldig kjekt å komme i gang. På same tid er det også litt skummelt å skulle vise fram alt det vi har sete og planlagt det siste halve året. Det som er bra, er at ikkje alt av program er lagt, og at det er rom for nye idear. Eg håpar at vi i startfasen av prosjektet kan inspirere fleire til å lage gode prosjekt, vi har jo eit heilt år på oss, seier prosjektleiar Inger Johanne Sæterbakk.

Språkkåret opna nett ein ny nettportal der arrangement og informasjon om jubileumsåret blir samla. Her kan du blant anna finne informasjon om opningsarrangementet, ungdomslaget si kunnskapstevling *Kven veit?*, som neste år har språk som tema, og festivalar som den kvenske kulturfestivalen Paaskiviikko i Nord-Troms.

– Vi lanserte nettsida vår 2. desember, ein måned før opninga. Fram mot opninga vil vi telje ned til opninga med å presentere eitt arrangement kvar dag. På den måten ønskjer vi å vise breidda i Språkkåret og inspirere dei som sit og tenkjer på kva dei skal gjere i Språkkåret, til å lage eigne arrangement. – Vi byggjer også opp ein kalender no med alt som skal skje i Språkkåret, og folk kan melde inn arrangementa sine til oss.

Vi kjem dessutan til å lage ein idébank for lokale arrangørar med tips til korleis ein lagar arrangement, og tips til aktørar innanfor kultur og forskning.

VIL HA FLEIRE MED SEG

2. januar opnar Språkkåret 2013 og 100-årsjubileumsåret for Det Norske Teatret med framsyning i nye Kilden teater- og kulturhus i Kristiansand. Her får du oppleve historia til Det Norske Teatret og den nynorske skriftkulturen fram til i dag. Sju store basisarrangement og fleire nasjonale og lokale arrangement er elles allereie på plass. Likevel er det rom for meir.

– Som sagt så har vi framleis eit heilt år framfor oss også etter at Språkkåret 2013 har opna 2. januar, så det er ikkje alt som er klart. Men eg synest det er positivt, for då kan vi bruke dei første månadene til å gjere Språkkåret kjent og få fleire med oss. Eg kjenner at eg gler meg enno meir når eg snakkar om det, seier Sæterbakk.

– Korleis skal de få mest mogleg ut av året?
– Gjennomføre og lage gode arrangement, og fortelje folk om det.

SPRÅKLEG RESPEKT

Ho nemner også prosjekt som eit eige språkmagasin, konkurransar, plateutgjevingar og ei bok med portrettintervju med ulike menneske som representerer det fleirspråklege Noreg, som viktige delar av jubileumsåret.

– Kva blir høgdepunktet, etter di mening?
– Eg synst heilskapen er høgdepunktet. At vi har greidd å løfte fram så mange og så ulike prosjekt. Nokre idear har komme frå oss, men det meste har blitt spelt inn frå andre. Det har vore veldig inspirerende å jobbe med eit prosjekt som så mange er interesserte i å bidra til.

– Kva håpar du ein sit igjen med når året er omme?
– Eg håpar at vi har lært litt meir og blitt litt meir medvitne om det store språkmangfaldet i Noreg og om kva språk har å seie for enkeltpersonar og for samfunnet. Språk er så mykje meir enn grammatikk. Det handlar i stor grad om identitet, og eg håpar vi kan få meir respekt for kvarandre sine språklege val.



Språkråd frå
Språkrådet sine
nettsider www.sprakradet.no.

SPRÅKRÅD

Her får du tips om ordbruk i den nye rettskrivinga for nynorsken. Tipsa er henta frå Språkrådet.no

1. tyda og tyding blir ofte misbrukete
Aldri: Kva tyding har dette for samfunnet?
Men: Kva har dette å seia for samfunnet?

Aldri: Dette tydde eit stort framsteg.
Men: Dette var eit stort framsteg.

Slik kan vi bruke tyda/tyding:
Signalet tyder at trafikken må stansa.

Det er ikkje så lett å få tak i tydinga av dette ordet.

2. denne, dette, desse
denne, dette, desse kan i visse samanhengar gje eit stivt eller upresist språk. Bruk heller den, det, dei, han, ho, eller ta opp att substantivet.

Døme:
«Tyskarane i Bergen hadde særrettar, men desse fall bort etter kvart.»

Betre: desse rettane
«Eremitasjen er det største kunstmuseet i verda. Det ligg i Vinterpalasset. Dette er bygd i barokk stil.»

Meir presist: Vinterpalasset
«Det er ikkje grunn til å klaga på telefonrekninga så låg som denne er no.»

Betre: ho

3. den
den skal normalt ikkje brukast med tilvising til substantiv i nynorsk. Det vanlege tilvisingspronomenet er han for alle hankjønnord og ho for alle hokjønnord – så sant pronomenet ikkje strir mot det naturlege kjønn.

Døme: «Ytringsfridommen er til liten nytte om han (bm. den) ikkje blir nytta i praksis.»

«Saka er vanskeleg, og vi må difor drøfta ho (bm.den) grundig.

Merl: Vi kan sjølv sagt bruka den i nynorsk, men då som peikande pronomen:

Ikkje den har eg sagt, men den!»

4. st-passiv kan vera godt språk etter modale hjelpeverb
Binders kan brukast til så mangt. Spørsmål kan sendast til Språkrådet. Bruk ikkje st-passiv i presens

Aldri: Saka undersøkjest no i departementet.
Men: Saka blir no undersøkt i departementet.

Aldri: Varene vrakast på grunn av dårleg kvalitet.
Men: Varene blir vraka på grunn av dårleg kvalitet.

Hugs at det finst verb som likevel skal binnast med -st i alle tider, til dømes å minnst – og minnest. Slike verb står i ordlista.

SPRÅKKÅRET 2013

Språkkåret 2013

I 2013 er det 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd og 100 år sidan Det Norske Teatret opna.

Språkkåret 2013 tek mål av seg til å bli ei raus feiring av språklege skilnader og mangfald. Målet er å gjere nordmenn språkleg rausare med kvarandre, få fram kva språka og språkbrukarane gjev kvarandre, og skape respekt for dei behova ulike språkbrukargrupper har. Sekretariatet til Språkkåret 2013 har tre tilsette og ligg i Ivar Aasen-tunet i Ørsta.

Framtida.no får støtte frå Fritt Ord



Den nynorske nyhende- og debattavisa for unge, Framtida.no, får støtte frå Fritt Ord til ein artikkelserie om det politiske i språket.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Det er veldig kjekt at ein institusjon som Fritt Ord har tru på prosjektet vårt, seier Svein Olav Langåker, prosjektleiar for Framtida.no.

Fritt Ord bidreg med 50 000 kroner. Artikkelserien er tenkt som del av eit prosjekt der Framtida.no har som mål å tilsetja det som kan bli Noregs første språkjournalist.

– Framfor stortingsvalet i 2013 meiner me det er ekstra aktuelt å skriva om språk og om kva orda me bruker,

SPRÅKMANGFALD: Redaktør i Framtida.no, Svein Olav Langåker, vil gje fleire lesarar ein god grunn til å snakka om språk i det komande Språkéret. (Foto: John Bjarne Lium)

har å seia for folkestyret, seier Langåker. Målet med artikkelserien er å gje fleire lesarar ein god grunn til å snakka om språk i det komande Språkéret.

Framtida.no ønskjer å visa fram språkmangfald, å visa kva makt som ligg i språket, og avdekkja språkleg avmakt.

NÆR 400 000 UNIKE BRUKARAR Framtida.no blei starta av ABC Startsidene, Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Landslaget for lokalaviser hausten 2010. Framtida.no har i dag ein redaksjon på to årsverk.

I tillegg leverer kring 20 aviser og over 20 unge skribentar artiklar til Framtida.no. Sidan starten har nær 400 000 unike brukarar besøkt nettsida, og talet på vekevis og daglege brukarar aukar.

LOKOMOTIV FOR NYNORSK PÅ NETT

– Målet vårt er å saman med Startsidene vera eit lokomotiv for nynorsk på nett og vera til nytte og glede for stadig fleire lesarar, seier Svein Olav Langåker. Seks aviser viser i dag fram nyhende til Framtida.no på nettsidene sine. Framtida.no arbeider for å auka distribusjonen av artiklane sine.

– Me ønskjer òg å samarbeide med kommunar, skular og bibliotek. Blant anna bør det for bibliotek og skular vera interessant å abonnere på artiklar innanfor enkelttema som litteratur, bokmeldingar, politikk, yrkesval, språk eller klima, avsluttar Langåker.



Arild McClellan Steine
Rådmann i Kvam herad

(Foto: Kvam herad)

PÅ KOMMUNEVIS

Rom for mangfald

Denne veka vart Kvam herad kåra til årets kulturkommune i Hordaland. Juryen sa at prisen vart «tildelt ein kommune som i særleg grad har markert seg med ein allsidig innsats for kulturlivet gjennom samarbeid, kreativitet og nytenking.» Det er ikkje eg som skal ha æra for denne prisen. Eg hadde begge føtene godt planta godt inne i boksen og ville ikkje ein gong søkja fordi eg meinte søknaden ville bli endå betre om to år.

Dette fekk meg til å tenkja på noko som skjedde tidlegare i haust. Eg er altfor glad i fotball til å bry meg om det norske herrelandslaget. Siste landskamp såg eg sommaren 2000, då Noreg deltok i EM og spela 3 kampar utan å skapa ein målsjanse. I dei tolv åra som har gått etter det, har eg fått med meg nok til å forstå at det framleis er langt mellom målsjansane, at Drillo framleis er mest oppteken av 11 mann i forsvar, og at alle som nappar i ei fotballdrakt innanfor 16-metern, aller helst burde fått seg eit år i Sibir. Nei, eg skal ikkje dreia innlegget over på favoritemnet mitt, fotball, denne gongen. Trass i at eg meiner tida mi er for verdfull til å bry meg om norsk landslagsfotball, fekk eg med meg ein debatt i media tidlegare i haust der John Arne Riise vart kalla dei verste ukvemsord eit menneske kan kallast. Fyren må nærast vera ein kriminell av verste slag sidan han fekk så mykje peppar av ein sportskommentator i VG.

Av det eg kan tyda ut av ei rekkje overskrifter i media, så er Riise si verste lyte at han ikkje er som folk flest, og at han i tillegg har ei mor som ikkje er som mødrer flest. Det er heilt klart krevjande med folk som stadig bevegar seg i området utanfor boksen av det som er normalt. Dette utfordrar oss som står stadig inne i boksen, då me opplever at boksen ikkje er ein konstant størrelse lenger. Sjølv om Truls Dæhlie i VG får løna si fordi slike folk som John Arne Riise skapar overskrifter, fekk han altså no i haust nok. Denne Dæhli opplevde nok at Riise sprengde rammene for sin eigen boks, og dette gjorde nok til at han mista gangsynet. Sjølv stiller eg eit stort spørsmål ved at me som samfunn finn det akseptabelt at ein sportskommentator skal få lov til å setja grensene for normal oppførsel. Plutseleg var ikkje Riise berre litt sær, men ein person me ikkje skulle lika. Mange slengde seg på i debatten. Dersom me som menneske finn Riise sin oppførsel fråstøytande, så er me vel i stand til å reflektera sjølv over om me ynskjer han som rollemodell eller ikkje. Me har ikkje behov for media som moralvakt.

Hadde Kvam herad vorte årets kulturkommune om me ikkje bevisst hadde uttalt at innbyggjarane våre skal få lov til å utfordra rammene for boksen? Er det nokon kommunar som kan kårast til årets kulturkommune om personar som Truls Dæhli eller rådmannen i Kvam bestemmer at andre ikkje skal boltra seg utanfor boksen? Kan nokon kommune i det heile løysa velferdsoppgåva i framtida om me ikkje lèt ideane både innanfor og utanfor boksen møtast i myldring?

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på klp.no og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

KLP
for dagane som kjem

Godt språk og rett sjanger?

Språk- og dokumentlære, nynorsk

Todayars kurs for kommunal og statleg forvaltning

- ulike teksttypar i det offentlege
- rett form og rett språk
- ordval og ordlegging
- nynorsk rettskriving
- den gode saksutgreiinga



Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dei kan bestillast av ein oppdragsgjevar og haldast på arbeidsplassen.

Meir informasjon finn du på www.LNK.no

HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs:
hsfoppdrag@hsf.no eller telefon 57 67 60 00



HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE

Ordførar i Kvinnherad er Synnøve Solbakken (Ap)



Dei 35 representantane i kommunestyret fordeler seg slik:
Høgre: 11, Arbeidarpartiet: 9, Framstegspartiet: 5, Kristeleg Folkeparti: 3, Senterpartiet: 3, Venstre: 2, Sosialistisk Venstreparti: 1, Innbyggjarpartiet: 1

Kvinnherad kommune ligg i Sunnhordland, mellom Bergen, Hauge-sund og Odda. Kommunen ligg på båe sider av Hardangerfjorden.

Rosendal er administrativt senter i kommunen og er dessutan den største turistbygda i området. Her ligg òg turistattraksjonen Baronieter Rosendal, som er det einaste baronigodset i Noreg.

Husnes er elles den største tettstaden i kommunen, med handlessenter og vidaregåande skule. Det budde 13 174 innbyggjarar i Kvinnherad per 1. januar 2012. Kvinnherad har ferjefritt vegsamband gjennom Folgefonntunnelen til Hardangerregionen og austlandet. I 2008 vart den undersjøiske tunnelen til Halsnøy opna, og dermed fekk store deler av kommunen landfast internt samband.

Kjelde: Kvinnherad kommune og Wikipedia



Illustrasjon: Gerbard Stoltz

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no



OPNA TUNNEL: Jondalstunnelen kortar ned køyretida mellom Bergen og Oslo. Ordførar Synnøve Solbakken trekkjer denne fram som eit av fleire samferdsleprosjekt som trengst for å gje regionen vekst. (Foto: Arbeidarpartiet)

Må bruke tid på omdømmebygging

Med prosjektet Kom til Kvinnherad har sunnhordlandskommunen jobba aktivt for å auke folketalet.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

–Vi har hatt ein fin folketalsvekst dei siste åra og er no 13 318 innbyggjarar i kommunen, seier ordførar Synnøve Solbakken (Ap).

Kom til Kvinnherad-prosjektet starta for fire år sidan, og eitt av tiltaka har vore å reise rundt til dei store byane – Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger – for å vise seg fram.

Kommuneleiinga har invitert utflytta kvinnheringar til desse samlingane, og desse har igjen dratt med seg folk som kanskje ikkje kjenner kommunen frå før.

– Ordføraren eller andre frå kommuneleiinga pleier å presentere kommunen. Vi har også med oss fem-seks bedrifter som har stand og får presentere verksemdene sine, seier Solbakken.

SAMLAR FOLK I DATABASE

Dei som møter opp og deltek på samlingane, får tilbod om å leggje seg inn i ein database som næringssselskapet i kommunen administrerer. Cv-databasen har blitt ein plass kor næringslivet kan gå inn og finne aktuelle kandidatar til jobbar, og kor arbeidssøkande kan sjå etter arbeid.

Ordføraren har ikkje eksakte tal på kor mange som har late seg lokke heim etter desse framstøytane.

–Vi har ikkje tal på kor mange som har flytta heim, men det er sådd nokre frø, og på sikt trur me at det vil medverke til at folk flytter heim att.

Ho understrekar samstundes at tanken heile vegen har vore å stimulere både utflytta kvinnheringar og nye folk til å flytte til kommunen.

Solbakken nemner også den årlege tilflyttarsamlinga som eit tiltak i arbeidet med rekruttering og omdømmebygging. I år kom det 116 til samlinga, som var i oktober, og både kommunen og bedrifta Noreq delte ut prisar i form av pengegaver.



FØRSTE: Synnøve Solbakken (Ap) har vore ordførar i Kvinnherad sidan 2007. Ho var då den første kvinnelege ordføraren i kommunen. (Foto: Jarle Vines)

TRENG INGENIØRAR

Men framleis treng kommunen tenkje vekst og rekruttering. Kvinnherad er ein kommune med lange tradisjonar for båtbygging og har til liks med mange andre kommunar i regionen stort behov for arbeidskraft, spesielt innan ingeniørfaget. Aluminiumsverket Søral har i dag 260 arbeidsplassar og er hjørnesteinsbedrifta i kommunen. Men dei har drive med berre ein av to hallar i produksjon dei siste åra. Etter at Søral nyleg landa ein større kontrakt, vonar ordføraren no at dei kjem opp i full drift att.

– Også på samferdslesida er det ein del som må gjerast for å få til nyetableringar og halde på det næringslivet som er. Mange tiltak er allereie på plass og godt innarbeidde, seier ordføraren og peiker på Folgefonntunnelen som opna i 2001 og knytte saman Kvinnherad og Odda. Noregs tredje lengste vegtunnel går under Folgefonna og korta reisetida ned frå fire timar til ni minutt, skal ein tru Wikipedia.

TUNNEL INN I FRAMTIDA

I haust opna Jondalstunnelen, eit av dei største fylkesvegprosjekta i Hordaland. Med denne 10 km lange tunnelen er det no eit relativt rett strekk frå Jondal gjennom Kvinnherad og Odda mot E 134 over Haukeli i aust. Tunnelen kortar ned reisetida frå Bergen til Oslo med 40 minutt. Arbeidet med tunnelen starta i 2009,

og tunnelen vart opna i september i år, eitt år tidlegare enn planlagt. I samband med tunnelen vart det også bygd ny ferjekai på Arnsnes.

– Jondalstunnelen har vore ein kjempesuksess. Det har vore mykje trafikk og fin vekst i talet på reisande. No ser vi fram til den nye Tysse-tunnelen, som skal opne i 2014. Då blir reisetida mellom Kvinnherad og Bergen korta ned til ein time og tjuve minutt, og det er bra.

550 LAG

I tillegg til gode kommunikasjonar må kommunen ha bustader og fritidstilbod til nye og etablerte innbyggjarar, og ordføraren er fornøgd med at kommunen no byggjer ny kulturskule i Husnes. Ho held også fram den rike naturen kommunen har å by på, saman med eit aktivt kulturliv.

– Vi har dessutan eit rikt organisasjonsliv i kommunen. Vi har faktisk 550 frivillige lag og organisasjonar i Kvinnherad.

Dugnadsviljen hjå folk er stor, og det blir lagt ned mange timar i frivillig arbeid som kjem andre til gode.

– Dette er også med på å gje oss eit godt omdømme.

For eit godt omdømme må for ein kommune femje meir enn det å ha gode bu- og ferievilkår, det må meir til enn det, seier Solbakken.

– Dei beste omboda er vi sjølve gjennom måten vi omtalar vår eigen kommune på.



KREATIVT: Fem ungdommar i Kvinnherad fekk vere med på kurs i poesislam. Frå venstre Maria Krakus, Embla Vårdal, Karoline Aarsrud, Helen Kabsay, Ida Marie Vinsrygg og Taro Vestøl Cooper. (Foto: Trude Hege Bergesen)

Lærte å banke inn poesien

Kan kurs i poesislam motivere fleire ungdommar til å melde seg på UKM? Hordaland fylkeskommune håpar det.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

Nyleg fekk fem ungdommar i Kvinnherad høve til å vere med på kurs i poesislam. Det var noko heilt nytt for dei.

Poesislam er ein konkurranse i kryssingspunktet mellom opplesing, hip-hop-battle, teatersport og stand-up, ifølgje Poesislam.no. Deltakarar i poesislam blir vurderte ut frå teksten dei har laga og måten dei framfører han på.

– På førehand hadde vi ein dag med skrivekurs kor dei fekk lage sine egne tekstar, fortel biblioteksjef Trude Hege Bergesen. Når tekstane så skulle framførast, fekk ungdommane hjelp av noregsmeister i poesislam, Taro Vestøl Cooper, som var ein god læremeister.

GJEV MEIR MEINING

– Vi framførte forskjellige dikt og lærte korleis vi skulle bruke stemma vår i framføringa, fortel ein av deltakarane på kurset, Maria Krakus (16). Ho synest det var både gøy og lærerikt å ha ein profesjonell lærar med seg når dei først skulle lære seg noko nytt.

– Eg har lært å leve meg inn i teksten slik at han gjev meir mening når eg framfører han, seier Ida Marie Vinsrygg (13).

Maria og Ida Marie ser nok ikkje for seg å delta på Ungdommens kulturmonstring (UKM) med poesislam med det første, men synest likevel dei har fått stort utbytte av kurset. Ida Marie tenkjer at ho kan ta lærdommen om framføring med seg inn i til dømes skulearbeidet. Men ho kan òg tenkje seg å delta på UKM ein gong, men då blir det med noko innan kunst. Maria trur òg at UKM kan freiste ein gong i framtida.

– Eg har tenkt på det, og viss eg gjer det, så blir det med song, seier ho.

FLEIRE NESTE ÅR

Det er Hordaland fylkeskommune som har teke initiativ til dette kurset i poesislam, og ni kommunar har fått gje dette tilbodet til ungdom mellom 13 og 19 år. Kursa er komne til i samarbeid med Nasjonalbiblioteket og Ungdommens kulturmonstring og hadde som føremål å få fleire ungdommar til å melde seg på til UKM.

– Dette er ein måte å få meir litteratur inn i UKM på, seier Bergesen. Ho trur ungdommane har fått mykje bra ut av det, og synest det er synd at ingen gutar fann vegen til kurset.

Neste år er det 10 nye kommunar som får tilby kurs i poesislam til ungdommane sine.

Ny kraftkontrakt

Sør-Norge Aluminer (Søral) på Husnes har inngått kraftkontrakt med Agder Energi, Lyse, Statkraft og Hydro. Kontraktane er på 2,6 TWh totalt.

Dei nye avtalane sikrar 250 arbeidsplassar knytte til aluminiumsverket, melder El og It.

Det blir i dag produsert 90 000 tonn aluminium på verket i året. Søral på Husnes har to produksjonslinjer, men den eine vart stoppa i 2009 i samband med finanskrisa, og det er i dag berre drift i ei av linjene. Ordførar Synnøve Solbakken seier til LNK-avisa at den nye kontrakten gjev håp om at ein snart kan få opna den andre linja og slik sikre enno fleire arbeidsplassar.



INGA HINDRING: Å starte bedrift på Husnes i Kvinnherad er ikkje noko dei ser svært på, Svein Røssland og Thomas Thomsen. Å lage modellar for rollespel kan ein i praksis gjere kor som helst. (Foto: Åslaug Snilstveit/Salikat. Modellar: Epix Haven)



Vil leve av leiken

Kameratgjengen på Husnes hadde spelt rollespel i mange år, men var ikkje fornøgdde med utvalet av modellar å spele med.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

No kastar dei seg ut i ein milliardmarknad og byrjar å produsere modellar sjølve. For å ta rollespelet først: Rollespel er altså ein lek kor ei gruppe folk set seg saman rundt eit bord for å spele skodespel. Dei har ein leiar som deler ut roller og skisserer ulike scenario, og deltakarane må leve seg inn i rolla si og ta val på vegner av karakteren sin. Rollespel kan gå føre seg på bordet eller ute i det fri. Skal du spele inne, på eit bord, så vil du trenge kulissar. Ein modell, rett og slett.

– Og der byrjar historia om Epix Haven.

GOD ERFARING SOM BRUKAR

Dei fire kameratane Thomas Thomsen, Svein Røssland, Even Vinjo Røssland og Ole J. G. Hansen har spelt rollespel i mange, mange år. Kulissane har ikkje alltid vore av dei beste, noko heimelaga, noko kjøpt på nett frå USA.

– Vi har brukt mykje tid på å leite etter slike produkt, og vi har sett at marknaden ikkje er tilfredsstillande, seier Thomsen. Det var heller ikkje alltid så enkelt å

handle det ein trong. Etter nokre år byrja dei derfor å sysle med tanken om å gjere noko for å påverke marknaden, og dei tok kontakt med ein av dei store produsentane i USA for å høyre om dei kunne få byrje å distribuere produkta deira i Noreg.

– Men vi høyrdet aldri noko frå dei, og dermed kom ideen om å byrje å produsere modular for spel sjølve.

VIL TIL KINA

No er ideen sett om til handling, og Epix Haven håper å vere i gang med å produsere modellar neste år. Dei er fire som jobbar saman om dette: ein med web og marknadsføring, ein som teknisk teiknar og to som jobbar med forretning og drift. Det vil seie, berre Thomsen har dette som heiltidsarbeid nett no, for førebels er det ikkje pengar til løn i bedrifta. Og det skjer ikkje med det første, heller.

Nett no er derimot målsetjinga å få i land avtalar med ein fabrikk i Kina som kan produsere modellane deira, og det betyr at det er full fart med teikning og utprøving av prototypar.

– Vi driv og lagar prototypar som vi skal skrive ut ved hjelp av ein 3D-skrivar. Når desse blir detaljerte nok, kan vi ta dei med til Kina og bruke dei som mal for produksjon, rett og slett ved å ta avstøypingar av dei, forklarar Thomsen.

Og no hastar det litt, for rett over nyttår skal dei vere i gang med produksjon, og varene skal vere i sal frå mai av.

KAN BETRE

Karane bak Epix Haven er overtydde om at dei vil vere i stand til å lage betre produkt enn det som finst for sal i dag.

– Vi ønskjer å lage modellar som er lette å ta i bruk, så å seie rett ut av eska. Vi har vore vane med å bruke ting som må byggjast saman først, eller enno verre berre teikna på eit ark.

Lang fartstid i spelmiljøa og ei kjensskap til både miljø og produkt frå eit brukarperspektiv er ein stor føremøn i dette arbeidet, meiner dei.

– Vi har vore kundar så lenge sjølve at vi veit kva som manglar, og kva folk vil ha.

Det kjem òg vel med at spelmiljøet ønskjer dei velkomne. Aktørane i spelmiljøa i Noreg vil gjerne at det skal vere muleg å handle kulissar her til lands, og er svært viljuge til å vere med og marknadsføre produkta deira. Dei har også fått i stand ein intensjonsavtale med Outland, ei kjede av spesialbutikkar spreidde i dei største byane i Noreg.

UT I VERDA

I dag er Epix Haven organisert som eit aksjeselskap, utan tilsette, men med ein idé om å kunne skape ein arbeidsplass for dei fire involverte på sikt.

Når produksjonen kjem i gang neste år, må dei ut og treffe kundane sine. Og dei treff dei på messer rundt om i verda. I første rekkje ventar NM i miniatyr i Oslo i januar, som eigentleg er ei messe litt på

sida av det dei driv med, men som likevel er ein god plass å møte mulege kundar. Sidan håper dei å kunne reise på større messer i både inn- og utland.

Det store målet er å få reise til Gen Con i USA, den største spelmessa i verda, med opptil 600 000 besøkande per dag.

– Det er dit vi må. Det er der galskapen er størst!

SATSAR STORT

– Kva er det som er så forlokkande med rollespel?

– Ein ting er det at alder ikkje spelar noka rolle, eg har spelt med folk frå 13 til over 60. Ein lærer mykje om problemløysing når ein spelar rollespel. Dessutan er det utruleg sosialt, og kreativiteten din kan få gå amok.

Og det endelege målet for Epix Haven? Å bli så store og gode at dei kan kome seg inn på Amazon, verdas største nettbutikk.

– Vi tenkjer ikkje personleg profit no, men vi tenkjer at vi skal bli størst på dette.

Og det kan verke som idealistisk idioti, ler Thomsen, men samstundes har dei sondert konkurrentane både lenge og vel og har erfart at det er mykje rart og useriøst i denne bransjen. Å ha høge mål verkar ikkje urealistisk, trass alt.

Førde:


Stadig fleire kommunetilsette brukar dagen sin på å chatte med innbyggjarane.

– Vi har hatt dette tilbodet i to år og ser gjerne at fleire vel nettprat for å kome i kontakt med oss, seier Marit Solheim ved sørvistorget i Førde.

Samlar seg om nynorsken

Sogn og Fjordane er godt i gang med å bruke nynorsk i omdømmearbeidet. Eit nynorsk forum skal gjere fleire stolte av nynorsken.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



Jan Olav Fretland
(Foto: Toyni Tobekk)

– Me hadde ein vellykka oppstart, med inspirerte innlegg frå Lerum fabrikkar, KS og NRK Nynorsk mediesenter, i tillegg til direktør Grepstad i Nynorsk kultursentrum. Det vart vedteke ei plattform som me byggjer arbeidet på. Viktig her er at me ønskjer å vere ein sjølvstendig høyringspart i viktige nasjonale språksaker. Analysen me gjennomførte på møtet, konkluderte med at me må bruke nynorsk i omdømmebygginga, at me må finne det positive med å vere nynorskfylke. Dei gode skuleresultata er ein stad å begynne, seier Jan Olav Fretland om oppstarten av forumet.

VIKTIG MED NORSKOPPLÆRING

Målet er at det nynorske forumet skal ha eit hovudmøte ein gong i året, neste gong i mai 2013. Hovudområda for arbeidet blir næringsliv og oppvekst. Sidan forumet no er invitert inn i det nasjonale nynorskforumet, vurderer dei å skifte namn.

– Me er redde for at namna blir blanda saman. Dessutan er no forum eit moteord, og ikkje av dei beste heller, meiner Fretland.

Han meiner prisen som Årets nynorsk-kommune 2012 har gjeve arbeidet ein ekstra dimensjon.

– Det neste steget blir å utfordre fylkeskommunen til å utarbeide ein språkbruksplan med forpliktande formuleringar og elles følgje opp satsinga mot næring og oppvekst. Ei viktig sak er å sikre at vaksne innvandrarar til fylket får norskopplæring på nynorsk, her vel mange kommunar den enklaste vegen og nyttar den målforma det finst mest lærestoff på. Då blir bokmål svaret.

HÅPAR FLEIRE BLIR STOLTE

– Kva håpar du vil kome ut av arbeidet?

– Eg håpar me vil sjå at fylkeskommunen og dei store i næringslivet vil bruke marknadsmakta si til å sikre fleire program på nynorsk, til dømes når det gjeld administrativ programvare og opplæringsprogram. Og så håpar eg alltid at elevlar i vidaregåande skular ikkje skal måtte vente i vekevis på dei lærebøkene dei ikkje fekk til skulestart. Men det viktigaste: at fleire både enkeltpersonar, etatar og organisasjonar blir stolte over nynorsken og framhevar språket vårt som noko å vise fram og byggje omdømmet vårt på.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!**

Me presenterer også medlemsskommunane våre på Lnk.no. Her er nokre av dei:

LNK NYTT

Voss:

Voss bibliotek har fått 100 000 kroner av Friitt Ord for å setje den nynorske kvinnestemma på dagsorden.

Herøy:

Kom ikkje her med internasjonal erotikk og kongelege biografier! I Fosnavåg er det lokale bøker som sel best.



Terje Lyngstad
Teatersjef Sogn og Fjordane Teater

TEATER

Personlege problem

Eg kom over eit dikt her om dagen, skrive av ei dame som heiter Halldis Moren Vesaas. Det er kanskje ikkje så rart at eg ikkje forstod så mykje av det, sidan diktet heiter *Tung tids tale*. I første strofe står det nemleg at

Det heiter ikkje: eg - no lenger.

Heretter heiter det: vi.

Eig du lykka så er ho ikkje lenger berre di.

Alt det som bror din kan ta imot av lykka di, må du gi.

Det var først då eg såg at diktet var frå 1945, at eg forstod kvifor eg ikkje skjønte så mykje av det, for det heiter ikkje vi no lenger, heretter heiter det eg.

Det fekk eg merke for eit par veker sidan, då eg stod opp etter ei savnlus natt og møtte kvardagen og kjæresten min framfor baderomsspegele.

«Ikkje ta det personleg», sa ho, «men du ser forferdeleg ut, du kan snart ikkje vise deg ute blant folk.» Det var vanskelig, om ikkje beint fram umogleg, å ikkje ta meldinga som ei personleg krenking. «Kjøp deg nye klede», heldt ho fram, «det får vere grenser for kor ruskete håret ditt treng å sjå ut, sjølv kor fri du vil vere. Den slags toskeskap er forståeleg hos ungdomen. Dei treng sänne former for kompensasjon for manglande kunnskap og uttrykksevne. Du er for gamal til sånt. Du dummar deg ut! Det finst personlege trenarar i dag som får ein Fiat til å likne ein Rolls Royce på null komma niks. Du finn dei på Internett!»

Javel då, tenkte eg med gråten i halsen og slo på den personlege datamaskina min. Der klikka eg meg inn på Internett og tasta i veg for å finne ein veg ut av elendet. Sveitten pipla fram og minte meg på at eg til og med mangla personleg hygiene. Eg heldt på i fleire timar medan ord som *life-coach*, *selvutvikling*, *pusteteknikker*, *suksess* og *selvillit* flimra framfor auga mine. Like før eg var i ferd med å gi opp heile prosjektet, dukka Senter for personleg utvikling opp, og spenninga steig. Dette senteret kunne tilby irisanalyse, klinisk undersøking, hårmineralanalyse, soneterapi og øyareakupunktur og mykje anna snadder innanfor personleg pleie. Og det beste av alt var at dei, for det måtte jo vere fleire menneske som stod bak eit så omfattande føretak, skreiv at eg ville kome til å finne meg sjølv. Takk og pris, tenkte eg. Dette var noko for meg og mi personlege utvikling, eg som har leita overalt heile livet og enno ikkje har vore i stand til å finne meg sjølv nokon stad. Eg fann difor ut at det var på høg tid at eg skreiv eit brev til Senter for personleg utvikling:

Kjære Senter for personleg utvikling! Eg har ei etterlysing å kome med. Eg kan ikkje finne meg sjølv, og ber om at nokon frå dykkar firma kjem hit og hjelper meg å leite. Eg er verken personleg kristen eller personleg næringsdrivande, men har ein ryddig personleg økonomi. Det eg treng no, er ein personleg trenar som kan gi meg personleg pleie, slik at eg kan oppleve personleg framgang på alle område i livet. Eg er ikkje veldig rik, mest fordi eg ikkje finn meg sjølv, og difor ikkje finn lommeboka mi. Ver difor snille ikkje å ta for mykje betalt, slik at eg går personleg konkurs. Eg har få personlege vener, men dei eg har, vil synast det er rart at eg vender meg til Senter for personleg utvikling for å få meg personleg trenar. Vis difor diskresjon når de kjem, og respekter eit minimum av personvern. Sidan eg ikkje veit verken kven eg er eller kor eg bur, kan eg ikkje gi opp verken namn eller adresse. Eg har personleg stor tru på at de finn fram utan hjelp. Om de får problem, spør naboen min om vegen. Beste helsing meg.

aktuelt: Marta Norheim

Drøymer på nynorsk



(Foto: Samlaget)

Namn: Marta Norheim

Aktuell: Arbeidar som kulturjournalist og litteraturmeldar i NRK. Fekk Språkprisen 2012 for bruk av framifrå nynorsk i sakprosa

Marta Norheim trur det er fleire forfattarar som er morosame på nynorsk, enn på bokmål.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Korleis var det å få Språkprisen?

– Det er alltid stas å bli sett pris på. Å bli sett pris på med Språkprisen fortel meg at nokon legg merke til arbeidet eg legg i språkføring og stilvariasjonar, det er ekstra stas.

– Kva blir dei viktigaste utfordringane for nynorsken framover?

– No som før handlar det om å få innpass på andre arenaer enn dei kulturelle: i næringsliv, i reklame, i aviser.

– Kva forhold har du sjølv til nynorsk?

– Eg er oppvaksen med det og reknar nynorsk som morsmålet mitt, sjølv om mor mi snakkar bokmål. Eg skriv, tenkjer og drøymer på nynorsk. Men det kan av og til gå i ball når eg skal snakke nynorsk i radio med bokmålsfolk. Det er jo gjerne slik at samtalepartnarar låner ord frå kvarandre i



Kaisa Aglen (f. 1985) er frå Volda og er no busett i Trondheim der ho har studert filosofi. Diktsamlinga *Kvar i kroppen sit ingenting* er den første boka hennar

Foto: Benedikte Skarvik

debutanten

parabolantenner , foldast ut i blank bløming , er det dette som er rosa , denne skjelvinga i beina

Samlaget 2012

samtalen, og då blir det knot. Det må eg leve med.

– Kva respons har du fått på at du brukar nynorsk som journalist?

– I NRK er det såpass mange nynorskbrukarar at det ikkje er så mykje snakk om det, verken på godt eller vondt. Vi røktar våre to språk her, etter beste evne. Av og til får eg komplimentar frå lyttarar av typen: «Det du snakker om, er så interessant at jeg glemmer at du snakker nynorsk.» Det er jo tvitydig og neppe meint som ei støtte til nynorsk. Men oftare seier nokon at eg snakkar nydelig, og det er nok positivt meint.

– Kva rolle spelar nynorsken i litteraturen?

– Det finst mange sentrale forfattarar som skriv på nynorsk, her er det ein stolt tradisjon frå Aasen og Vinje via Vesaas og Fløgstad til Nilssen, Tiller, Øyehaug og Ravatn. Dei siste åra har det vore uvanleg mykje bra som har kome, mange nye forfattarar klemmer til på nynorsk.

– Korleis er den nynorske litteraturen?

– Den nynorske litteraturen er heldigvis så stor og mangslungen at han

ikkje let seg setje på éin formel. Både i form og tematikk er nynorskingane i slekt med europeisk litteratur på bokmål, fransk og tysk. Om eg skulle peike på ein ting, måtte det vere at påfallande mange nynorske forfattarar har ein bra humor. Dette siste må ein i grunnen høyre med bokmålingar om, kanskje det er stammehylet eg gjenkjenner og ler av? Humor er som kjent sterkt knytt til språket og dei som bruker det. Men inntil vidare trur eg at det er fleire forfattarar som er morosame på nynorsk, enn på bokmål.

– Korleis kan ein få fleire til å skrive på nynorsk?

– Ja, sei det. Mitt inntrykk er at det er mange som sluttar med nynorsk i tenåra. Det kan jo både vere fordi det ikkje er kult, og fordi det er eit språk som ein ikkje får lov å bruke alle stader. Korleis ein skal få nynorsk til å verke kult i øyro på ein tenåring, veit eg ikkje, men eit arbeid for å sleppe nynorsken fram i media og samfunns- liv verkar fornuftig.

BEST WESTERN HOTELL

BONDEHEIMEN

Sidan 1913

Rosenkrantz' gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss